



Klagenemnda for offentlige
anskaffelser

Hei alle saman!

Då er hausten her, og vi i KOFA er godt i gang igjen. Sjølv om talet på innkomne saker framleis er relativt lågt, har vi eit høgt tempo for å oppretthalda vår nye sakshandsamingstid på maks 3 månader i alle saker. Prioriterte saker vert framleis handsama innan ca. 2 månader. Dette er vi godt nøgd med, fordi vi veit at kort sakshandsamingstid er viktig for dykk som har saker hjå KOFA.

Ein ny trend er også at andelen saker med påstand om ulovleg direkte anskaffing har gått kraftig opp i år. Frå å utgjera om lag 10 % av sakene våre i 2014 og 2013, utgjier dei no om lag 20 – 25 % av sakene våre. Dette er nesten på nivå med andelen før 1. juli 2012. Våre nye nemndsmedlemmar er også på plass og byrjar å koma godt inn i handsaminga av sakene.



Fagkonferansen vår nærmar seg også med stormsteg. Den vert arrangert 13. oktober på Scandic Ørnen i Bergen. Konferansen var allereie fullbooka med 300 personer i august, og vi har difor diverre måtte stoppa påmeldinga. Men vi har ei venteliste, så dersom det er nokon som veldig gjerne vil vera med, er det mogleg å setja seg på vent ved å senda ein e-post til vår sekretær: Betty.Teigland@kofa.no

Då gjenstår det berre for meg å ønskja dykk ein riktig god haust!

*Beste helsing
Erlend*

**KOFAs sakshandsamingstid er nå 3 månader på rådgjevande saker
og ca 2 månader på prioriterte rådgjevande saker**

■ Første dom om fastsett brotsgebyr

KOFA fekk fullt medhald i si fyrste rettssak om fastsett brotsgebyr for ulovleg direkte anskaffing.

KOFA fastsette 10. september 2014 eit brotsgebyr til Lenvik kommune for ulovleg direkte anskaffing av banklånteneste, klagenemnda sin sak 2014/11. Kommunen hadde inngått ein avtale med Kommunalbanken AS om å låna 70 000 000 kroner, som følge av eit behov for investeringar, mellom anna til oppføring av Finnsnes ungdomsskule. Kommunen hadde ikkje gjennomført ein kunngjort konkurranse om låneavtalen. KOFA kom i sitt vedtak til at låneopptaket klart var omfatta av forskrifta, og at det var gjort ei ulovleg direkte anskaffing. KOFA fann også at innklaga hadde handla grovt aktlaust ved ikkje å kunngjera låneopptaket i tråd med regelverket, og at det skulle fastsetjast brotsgebyr. Gebyret vart sett til 1,2 MNOK, noko som utgjorde 4 % av verdien på anskaffinga.

Lenvik kommune tok gebyrvedtaket inn for domstolane til rettsleg overprøving.



Kommunen var samd i å ha gjort ei ulovleg direkte anskaffing, men meinte å ikkje ha opptrådt grovt aktlaust, og at det var urimeleg at det vart fastsett gebyr. Senja tingrett har no avsagt sin dom, der KOFA vert gjeve fullt medhald.

- Det er ein god og grundig skrive dom, og vi er sjølvsagt svært nøgd med resultatet, seier direktør og sekretariatsleder i KOFA, Erlend Pedersen.

Ankefristen er er gått ut, og dommen er no rettskraftig.

Du kan lesa dommen og gebyrvedtaket på www.kofa.no

■ Avrop under ein rammeavtale kan vere ei ulovleg direkte anskaffing sjølv om rammeavtalen er kunngjor - ein omtale av avgjerda til KOFA i sak 2015/59

Klagenemnda si avgjerd i sak 2015/59 gjaldt Trøgstad kommune sitt avrop under ein rammeavtale for rådgjevingstenester til bygge- og anleggsverksemd i kommunen. Rammeavtalen, som var ein rammeavtale med fleire leverandørar, vart inngått i 2014.

Forskrifta regulerer korleis avrop på rammeavtalar med fleire leverandørar skal gjennomførast. Avrop skal anten tildelast ut frå vilkåra i rammeavtalen, eller ved å halde ein ny konkurranse mellom rammeavtaleleverandørane.

Det var ikkje halde ein konkurranse mellom rammeavtaleleverandørane, og vilkåra i rammeavtalen gjorde i realiteten at innklaga kunne velje kva rammeavtaleleverandør dei ville inngå kontrakt med. Når kontrakten heller ikkje vart tildelt den rammeavtaleleverandøren som kom best ut ved innklaga si prisevaluering, konkluderte klagenemnda med at avropet representerte eit så stort avvik frå regelverket at kontrakten ikkje kunne heimlast i rammeavtalen som var kunngjort. Kontrakten med vald leverandør utgjorde difor ei ulovleg direkte anskaffing.

■ Manglande reaksjon på kontraktsmisleghald kan vere ei ulovleg direkte anskaffing

Klagenemnda kom til at ein kontrakt inngått etter ein anbodskonkurranse var vesentleg endra ved at innklaga hadde unnlate å følgje opp og handheve kontraktsmisleghaldet frå valde leverandør, når innklaga i saka hadde hatt ei klar oppfordring til å avdekke misleghaldet. Innklaga hadde såleis føreteke ei ulovleg direkte anskaffing.

Innklaga gjennomførte ein open anbodskonkurranse for kjøp av tenester for innsamling og transport av hushaldsavfall hausten 2011.

I konkurransegrunnlaget var det stilt krav om at køyretøya minimum skulle ha Euro-standard 4, og høgre Euro-standard ville gje utteljing under tildelingskriteriet "Miljø". Alle leverandørane tilbydde køyretøy med Euro-standard 5.

Valde leverandør brukte dels bilar med Euro-standard 3 ved utføringa av kontrakten.

Klagenemnda kom til at bruken av desse køyretøya kunne vere tilstrekkeleg til å utgjere ei vesentleg endring av kontrakten, ettersom endringa forskyvde den økonomiske balansen i kontrakten, og førte til at innklaga kunne ha akseptert andre tilbod enn det frå valde leverandør, jf. sak C-454/06 "presstext" frå EU-domstolen.

Spørsmålet vart om innklaga si mangelfulle oppfølging og handheving av kontrakten måtte likestillast med at kontrakten var vesentleg endra. Det vart lagt til grunn av nemnda at det i vurderinga av vesentlege endringar i prinsippet ikkje er forskjell på manglande handheving av kontrakt og ei tilsvarende avtalt endring.

Etter at klagar varsla om kontraktsbrotet i januar 2013, kontakta innklaga valde leverandør, og det enda med at valde leverandør skriftleg erklærte at det vidare kun ville nyttast bilar med Euro-standard 5 for å utføre kontrakten og at eventuelle avvik frå dette skulle meldast til innklaga. På denne måten viste innklaga at endringa til å nytte køyretøy med Euro-standard 3 ikkje vart akseptert.



Klagar varsla igjen om forholdet i januar 2015. Innklaga har ikkje vist til oppfølging eller handheving av kontrakten sidan det vart bedt om stadfesting på rett kontraktsoppfølging i 2013. Innklaga gjorde gjeldande at valde leverandør ikkje hadde varsla om bruk av bilar med Euro-standard 3, som avtalt, og at innklaga heller ikkje på annan måte hadde fått kunnskap om forholdet før vegesedlane vart framlagte. Nemnda kom til at innklaga ikkje kunne høyrast med dette, ettersom innklaga hadde hatt ei klar oppfordring til å avdekke misleghaldet, basert på gjentekne varsel frå klagar og at innklaga i heile perioden hadde tilgang til vegesedlane, som også utgjorde faktureringsgrunnlaget.

Klagenemnda fann på denne bakgrunnen at innklaga si manglande handheving av kontrakten utgjorde ei vesentleg endring, og at innklaga slik hadde føreteke ei ulovleg direkte anskaffing.

■ Svarfristar til KOFA vert forkorta

Nokre av svarfristane som gjeld for prosesskrift til KOFA vert no forkorta. Denne innstramminga vert gjort for at KOFA skal kunne gi si avgjerd innan tre månader etter at klagen kom inn.

Dette gjeld innklaga sin fyrste tilsvarsfrist i dei ordinære rådgjevande sakene, som vert forkorta frå 14 til 10 virkedagar. Tilsvarsfrist i saker som gjeld ulovleg direkte anskaffing vil framleis vera 4 veker. Partane sine to kommentarfristar etter innklaga sitt tilsvar, vert også forkorta frå 8 til 5 virkedagar. Samstundes må partane no belaga seg på at det som regel ikkje vert gjeve fristutsetjing. Partane må også gjera sitt beste for å få saka godt nok opplyst så raskt som mogleg.

Dette fordrer at klagar sine påstandar i klagen er så korte og konsise som mogleg. Vi ber om at påstandar vert skrive på følgjande måte: "Klager fører fram at innklaga har brote ... [ANGI EIN KONKRET RETTSREGEL ELLER SKRIV KUN "REGELVERKET"] ved å ... [ANGI DEN HEILT KONKRETE HANDLINGA ELLER UNNLATINGA UTFØRT AV INNKLAGA SOM DU MEINER ER I STRID MED REGELVERKET]." Bruk gjerne vårt klageskjema.



Begge partar må også så raskt som mogleg gi den informasjon og dokumentasjon som er relevant for å vurdere klagar sine påstandar. Denne innstramminga vert gjort for at KOFA skal kunne gi si avgjerd innan 3 månader etter at klagen kom inn.

Neste brev med nyhende kjem i midten av desember

